

KOMMISJONSDIREKTIV 98/11/EF**av 27. januar 1998****om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldslampar(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 92/75/EØF av 22. september 1992 om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursforbruk ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysninger⁽¹⁾, særleg artikkel 9 og 12, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av direktiv 92/75/EØF skal Kommisjonen vedta gjennomføringsdirektiv for hushaldsapparat, medrekna lyskjelder (lampar).

Elektrisitetsforbruket til lampar utgjør ein monaleg del av det samla forbruket av energi i Fællesskapet. Energiforbruket til slike apparat kan reduserast mykje.

Fællesskapet stadfestar at det er interessert i ei internasjonal standardiseringsordning som kan gje opphav til standardar som faktisk vert nytta av alle partar i den internasjonale handelen, og som kan stette dei krava som fællesskapspolitikken stiller, og oppmodar dei europeiske standardiseringsorganisasjonane om å føre vidare samarbeidet med dei internasjonale standardiseringsorganisasjonane.

Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) er godkjende som kompetente organ når det gjeld å vedta harmoniserte standardar etter dei overordna retningslinjene for samarbeidet mellom Kommisjonen og dei to organa som vart underskrivne 13. november 1984. I dette direktivet er ein harmonisert standard ein teknisk spesifikasjon (ein europeisk standard eller eit harmoniseringsdokument) som er vedteken av CENELEC etter oppdrag frå Kommisjonen i samsvar med rådsdirektiv 83/189/EØF av 28. mars 1983 om ein informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter⁽²⁾,

sist endra ved kommisjonsvedtak 96/139/EF⁽³⁾, og etter dei førnemnde overordna retningslinjene.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som vart oppnemnt ved artikkel 10 i direktiv 92/75/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

1. Dette direktivet skal nyttast på hushaldslampar for direkte tilkopling til elektrisitetsnettet (glødelampar og lysrørlampar med innebygd tennar) og på hushaldslysørørlampar (medrekna lysørør og lysørørlampar utan innebygd tennar), sjølv når desse vert marknadsførde med sikte på annan bruk enn hushaldsbruk.

Dersom eit apparat kan demonterast av sluttbrukaren, tyder «lampe» i dette direktivet den delen eller dei delane som sender ut lys.

2. Dette direktivet omfattar ikkje følgjande lampar:

- a) lampar med ein lysstraum på over 6 500 lumen,
- b) lampar med ein inngangseffekt på under 4 watt,
- c) reflektorlampar,
- d) lampar som først og fremst vert marknadsførde eller omsette for bruk med andre energikjelder, t.d. batteri,
- e) lampar som ikkje først og fremst vert marknadsførde eller omsette for å gje synleg lys (400-800 nm),
- f) lampar som vert marknadsførde eller omsette som del av eit produkt som ikkje først og fremst er meint for å gje lys. Dette direktivet omfattar likevel lampar som vert bodne fram for sal, leige eller kjøp på avbetaling, eller som vert stilte ut separat, t.d. som reservedelar.

3. Lampar som er nemnde i nr. 2, kan påførast etikettar og utstyrast med opplysningsskjema i samsvar med dette direktivet dersom det er vedteke og offentleggjort harmoniserte målestandardar for slike lampar i samsvar med nr. 4.

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 71 av 10.3.1998, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 17/1999 av 26. februar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF L 297 av 13.10.1992, s. 16.

⁽²⁾ TEF L 109 av 26.4.1983, s. 8.

⁽³⁾ TEF L 32 av 10.2.1996, s. 31.

4. Dei obligatoriske opplysningane som er fastsette i dette direktivet, skal utarbeidast etter harmoniserte standardar som det er offentleggjort tilvisingsnummer for i Tidend for Dei europeiske fællesskapa, og som er gjennomførde i nasjonale standardar som medlemsstatane har offentleggjort tilvisingsnummer for.

5. Dei harmoniserte standardane som er nemnde i nr. 4, skal utarbeidast etter oppdrag frå Kommisjonen i samsvar med direktiv 83/189/EØF.

6. Dei uttrykka som er nytta i dette direktivet, skal ha same tydinga som i direktiv 92/75/EØF, bortsett frå i tilfelle der samanhengen krev ei anna tyding.

Artikkel 2

1. Det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 3 i direktiv 92/75/EØF, skal omfatte:

- a) namnet, varemerket og adressa til leverandøren,
- b) ein generell omtale av lampen som gjer det mogleg å identifisere han på ein eintydig måte,
- c) opplysningar, eventuelt med teikningar, om dei viktigaste konstruksjonskjenneteikna ved modellen, særleg om eigenskapar som har ein klår innverknad på energiforbruket,
- d) rapportar om målingar som er gjorde med modellen etter prøvingsmetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 4,
- e) eventuell bruksretteleiing.

2. Etiketten som er nemnd i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 92/75/EØF, skal vere utforma som vist i vedlegg I til dette direktivet. Etiketten skal plasserast, prentast eller festast utvendig på emballasjen til kvar einskild lampe. Det skal ikkje plasserast, prentast eller festast andre ting på emballasjen til kvar einskild lampe som gjer at etiketten vert skjult eller lite synleg. I vedlegg I er det vist korleis etiketten kan plasserast når emballasjen er svært liten.

3. Opplysningsskjemaet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 92/75/EØF, skal vere i samsvar med vedlegg II til dette direktivet.

4. Dersom ein lampe vert boden fram for sal, leige eller kjøp på avbetaling på dei vilkåra som er fastsette i artikkel 5 i direktiv 92/75/EØF, og ved hjelp av ei trykksak, t.d. ein postordrekatalog, skal trykksaka innehalde alle dei opplysningane som er gjevne i vedlegg III til dette direktivet.

5. Energieffektivitetsklassen til ein lampe, som er oppført på etiketten og i opplysningsskjemaet, skal fastsetjast i samsvar med vedlegg IV.

Artikkel 3

Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle leverandørar og forhandlarar som er etablerte på territoriet deira, oppfyller pliktene sine i medhald av dette direktivet.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 15. juni 1999. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette. Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. juli 1999.

Fram til 31. desember 2000 skal medlemsstatane likevel tillate

- marknadsføring, omsetning og/eller utstilling av produkt og
- utdeling av produktbrosjyrar nemnde i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 92/75/EØF og trykksaker nemnde i artikkel 2 nr. 4 i dette direktivet

som ikkje er i samsvar med føresegnene i dette direktivet.

Når dei føresegnene som er nemnde i første leddet, vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 5

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 6

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 27. januar 1998.

For Kommisjonen

Christos PAPOUTSIS


Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG I

ETIKETTEN

Utforming



- Etiketten skal veljast blant modellane nedanfor. Dersom etiketten ikkje er prenta på emballasjen, men er ein separat etikett som vert plassert eller festa på emballasjen, skal fargemodellen nyttast. Dersom «svart-kvitt»-modellen vert nytta, kan teksta og bakgrunnen ha kva farge som helst, berre etiketten er godt leseleg.



- Merknadene nedanfor viser kva for opplysningar som skal takast med på etiketten:



Merknad

- Energieffektivitetsklassen til lampen, slik han er fastsett i samsvar med vedlegg IV. Bokstaven som viser klassen, skal plasserast jamhøgt med den aktuelle pila.
 - Lysstraumen til lampen, uttrykt i lumen, slik han er målt i samsvar med prøvingsmetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 4.
 - Inngangseffekten til lampen, uttrykt i watt, slik han er målt i samsvar med prøvingsmetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 4.
 - Den gjennomsnittlege nominelle levetida til lampen, uttrykt i timar (h), slik ho er målt i samsvar med prøvingsmetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 4. Denne opplysninga kan utelatast dersom det ikkje finst andre opplysningar på emballasjen om levetida til lampen.
- Dersom dei opplysningane som er oppførde i nr. 2 punkt II, III og eventuelt IV, finst andre stader på emballasjen til lampen, kan dei utelatast frå etiketten, og det same gjeld feltet for opplysningane. I slike tilfelle skal etiketten veljast blant modellane nedanfor:



Prenting

4. Nedanfor er det gjeve opplysningar om prentinga av etiketten:



Etiketten skal ha ein marg som er minst 5 mm brei, slik det er vist ovanfor. Dersom ingen av sidene til emballasjen er store nok til å romme etiketten og margen hans, eller dersom etiketten og margen ville dekkje meir enn 50 % av overflata på den største sida, kan etiketten og margen minskast så mykje som er naudsynt for å stette dei to førnemnde vilkåra. Etiketten kan likevel ikkje i noko tilfelle minskast til mindre enn 40 % (i lengderetninga) av standardstorleiken. Dersom emballasjen er for liten til å romme ein etikett som er minska på denne måten, må etiketten festast til lampen eller emballasjen. Dersom ein etikett i full storleik er stilt ut saman med lampen (t.d. festa til hylla der lampen er stilt ut), kan etiketten likevel utelatast.

Fargar som skal nyttast

Fargemodellen:

CMGS — cyanblått, magentaraudt, gult, svart.

T.d.: 07X0: 0 % cyanblått, 70 % magentaraudt, 100 % gult, 0 % svart.

Piler:

- A: X0X0
- B: 70X0
- C: 30X0
- D: 00X0
- E: 03X0
- F: 07X0
- G: 0XX0

Rammefarge: X070

All tekst skal vere svart. Bakgrunnen skal vere kvit.

*VEDLEGG II***Opplysningsskjemaet**

Opplysningsskjemaet skal innehalde dei opplysningane som er fastsette for etiketten ⁽¹⁾.

⁽¹⁾ Dersom det ikkje følger med produktbrosjyrar, kan etiketten reknast som opplysningsskjema òg.

*VEDLEGG III***POSTORDRESAL OG ANNA FJERN SAL**

Postordrekatalogar og andre trykksaker som er nemnde i artikkel 2 nr. 4, skal innehalde enten ein kopi av etiketten eller opplysningane nedanfor i den rekkjefølgja dei er oppførde:

1. Energieffektivitetsklasse (vedlegg I merknad I)

Uttrykt som «Energieffektivitetsklasse ... på ein skala frå A (lågt energiforbruk) til G (høgt energiforbruk)». Dersom desse opplysningane er gjevne i ein tabell, kan dei uttrykkjast på andre måtar, så sant det går tydeleg fram at skalaen går frå A (lågt energiforbruk) til G (høgt energiforbruk).

2. Lysstraumen til lampen (vedlegg I merknad II)
3. Inngangseffekt (vedlegg I merknad III)
4. Den gjennomsnittlege nominelle levetida til lampen (vedlegg I merknad IV)

(Dersom det ikkje vert gjeve andre opplysningar om levetida til lampen i katalogen, kan denne opplysninga utelatast).

VEDLEGG IV

Energieffektivitetsklassen til ein lampe skal fastsetjast på følgjande måte:

Lampar skal plasserast i klasse A dersom

- lysrørlampar utan innebygd tennar
(som treng ein tennar og/eller anna reguleringsinnretning for tilkopling til elektrisitetsnettet)

$$W \leq 0,15 \sqrt{\Phi} + 0,0097 \Phi$$

- andre lampar

$$W \leq 0,24 \sqrt{\Phi} + 0,0103 \Phi$$

der F er lysstraumen til lampen, og
der W er inngangseffekten til lampen, uttrykt i watt.

Dersom ein lampe ikkje vert plassert i klasse A, skal det reknast ut ein referanseeffekt W_R på følgjande måte:

$$W_R = \begin{cases} 0,88 \sqrt{\Phi} + 0,049 F & \text{når } \Phi > 34 \text{ lumen} \\ 0,2F \Phi & \text{når } \Phi \leq 34 \text{ lumen} \end{cases}$$

der Φ er lysstraumen til lampen.

Energieffektivitetsindeksen E_1 vert deretter rekna ut på følgjande måte:

$$E_1 = \frac{W}{W_R}$$

der W er inngangseffekten til lampen, uttrykt i watt.

Energieffektivitetsklassen vert deretter fastsett i samsvar med tabellen nedanfor:

Energieffektivitetsklasse	Energieffektivitetsindeks E_1
B	$E_1 < 60 \%$
C	$60 \% \leq E_1 < 80 \%$
D	$80 \% \leq E_1 < 95 \%$
E	$95 \% \leq E_1 < 110 \%$
F	$110 \% \leq E_1 < 130 \%$
G	$E_1 \geq 130 \%$